

**FestidaGen er godt i gong.**

**04.08.2016**



Deltakarane på FestidaGen får kule, gule T-skjorter.

**Barne- og ungdomsaktivitetene under FestidaGen er no godt i gong. Det var vel 160 førehandspåmelde, og då deltar nokre på fleire aktivitetar. Av dei 11 tilboda kom 9 i gang medan COSPLAY og DESIGN AV SPEL måtte gå ut på grunn av for lita påmelding.**



Då eg var innom Festauranten var dei m.a. i full gang med å laga desserten.

Mellom aktivitetane som er i gang er Festauranten som føregår i Helgheimskjellaren. Der var 11 unge lærevillige i gang med ulike oppgåver før dei inviterer til festmåltid kl.16. Elin Enes er ansvarleg for gruppa med god hjelp av fleire andre damer.

Dei yngste er i gang med å laga rocketroll på Stemneplassen. Der er også Bygg sjølv-gruppa i gang for same alderstrinnet. Første teikneserie-gruppa(8-12 år) er også i gang. Dei held til i skulen, og det har vore svært stor interesse for dette tilbodet som vert leia av Espen Terjesen. Fredag er han klar til å tamot ei ny stor gruppe(13-18 år). Parkour er ein annan aktivitet det er mange på. Den er også i gang i storesalen i Helgheim med Gareth Wittaker som instruktør.

Elles vert det både breakdance/hip hop, redesign, nysirkus og på laurdag er det klart for FestidaGen-show med småstjerner.

Alle deltakarane på FestidaGen får gule, kule T-skjorter. Slike t-skjorter er også i salg på festivalkontoret i Gamleskulen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjørnevåg og Thor Inge Døssland